

## **Saksprotokoll i Utval for kultur, idrett og regional utvikling - 23.01.2018**

**Geir Kjell Andersland (V)** sette fram slikt forslag til vedtak:

«Handlingsprogrammet – tema 3 Oppvekst og læring, delmål 3.4 vert endra til:  
90% ave elevane skal gjennomføre vidaregåande utdanning på 5 år.

Tiltak 3.6 Innhold,- tillegg i setninga : Lærarane skal få auka kompetanse om kva faktorar som fremjar god psykisk og fysisk helse, og som gir elevane moglegheit til å ta ansvarlege livsval, *og eit betre psykososialt arbeidsmiljø for elevane.*»

**Sara Sekkingstad (Sp)** sette fram slikt forslag til vedtak:

«Fylkesutvalet oppmodar administrasjonen om å å innby kommunane til oppstartsseminar for å få rask oppstart og god heilskapleg gjennomføring av planen i heile fylket.»

### **Røysting**

Andersland sitt forslag vart samråystes vedteke.

Sekkingstad sitt framlegg vart samråystes vedteke.

Fylkesrådmannen sitt forslag vart elles samråystes vedteke slik det låg føre.

### **Innstilling til fylkesutvalet**

Handlingsprogrammet – tema 3 Oppvekst og læring, delmål 3.4, vert endra til:  
90% ave elevane skal gjennomføre vidaregåande utdanning på 5 år.

Tiltak 3.6 Innhold,- tillegg i setninga : Lærarane skal få auka kompetanse om kva faktorar som fremjar god psykisk og fysisk helse, og som gir elevane moglegheit til å ta ansvarlege livsval, og eit betre psykososialt arbeidsmiljø for elevane.

Fylkesutvalet oppmodar administrasjonen om å innby kommunane til oppstartsseminar for å få rask oppstart og god heilskapleg gjennomføring av planen i heile fylket

Fylkesutvalet vedtek elles Handlingsprogram 2018-2021 til Regionalplan for folkehelse 2014-2025 slik den ligg føre.